



Saksframlegg

| Saknr. | Utval | Møtedato |
|--------|---------------|------------|
| 139/18 | Formannskapet | 10.10.2018 |

Akutte og langsiktige tiltak for ei levedyktig turistnæring i Lodalen

Bakgrunn for saka:

I sak 102/18 den 22.08.18 gjorde formannskapet vedtak om «kommunalt engasjement for å sikre tilfredstillande toalett- og renovasjonsordningar i utmark i Stryn kommune». Med dette vedtaket som bakgrunn må kommunen i 2019 prioritere og ha eit særleg fokus på toalett- og renovasjonsordninga i Lodalen.

Samstundes med dette engasjementet har kommunen igangsatt fleire prosjekt for å få ned lokale klimagassutslepp. Eitt av dei, prosjektet Grøne Dalar 2025 bør trekkast inn i arbeidet med å få ein betre infrastruktur for reiselivssatsninga i Lodalen som elles i kommunen. Vedlagt saka ligg eit notat som argumenterer for å sjå dette i ein samanheng.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov om friluftsliv LOV-1957-06-28-16. Spesielt 15 om ferdselsrestriksjonar.

Lov 13.mars 1981 nr 6 om vern mot forurensingar og om avfall.

Vedlegg i saka:

Akutte og langsiktige tiltak for ei levedyktig turistnæring i Lodalen. 1390977

Saksopplysningar:

Kommunen har førespegla overfor reiselivsnæringa og grunneigarane i Lodalen å setje i gang tiltak innan turistsesongen 2019 som hindrar vidare forsøpling og tilgrising i Lodalen generelt og Breng spesielt. Grunngevinga for å prioritere tiltak i Lodalen, inkludert ei analyse av situasjonen, ligg i vedlagt i notatet; «Akutte og langsiktige tiltak for ei levedyktig turistnæring i Lodalen».

Vurdering:

Utifrå beskrivinga av situasjonen i Lodalen i 2018 bør kommunen prioritere Lodalen framfor alle andre lokalitetar i kommunen med dei same utfordringane. I arbeidet med Lodalen vil rådmannen tilrå følgjande arbeidsrekkefølge for tiltak i prosjektet Grøn dal – Lodalen:

- Kommunen, i samhandling med grunneigarane, utarbeider ferdselsregulering i medhald av friluftsløva, §15, i eit nærare avgrensa område på Breng. Statens vegvesen markerer ved sperreanordningar at det ikkje er tillate å parkere eller campe langs vegen.
- Kommunen, i samhandling med grunneigarane, startar arbeidet med etablering av ein mindre parkeringsplass ved kulturlandskapet Breng. Utbygginga av parkeringsplassen skal skje ved ei samfinansiering mellom reiselivsnæringa, vegvesenet, kommunen og andre finansielle bidragsytarar.
- Arbeid med Grønt punkt Tjugen startar opp i 2019. Rekkefølga i arbeidet bør veljast med hovudmål om å unngå opphopning av turistar på Breng som i 2018. Å finne ei planløyning for området og få etablert eit toalett bør stå som høvesvis fyrste og andre punkt på tiltakslista.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Stryn kommune skal prioritere følgjande infrastrukturtiltak for reiselivet i Lodalen frå 2019:

- Kommunen, i samhandling med grunneigarane, skal utarbeide ferdselsregulering i medhald av friluftsløva, §15, i eit nærare avgrensa område på Breng. Statens vegvesen markerer ved sperreanordningar at det ikkje er tillate å parkere eller campe langs vegen.
- Kommunen, i samhandling med grunneigarane, startar arbeidet med etablering av ein mindre parkeringsplass ved kulturlandskapet Breng. Utbygginga av parkeringsplassen skal skje ved ei samfinansiering mellom reiselivsnæringa, vegvesenet, kommunen og andre finansielle bidragsytarar.
- Arbeid med Grønt punkt Tjugen startar opp i 2019. Rekkefølga i arbeidet bør veljast med hovudmål om å unngå opphopning av turistar på Breng som i 2018. Å finne ei planløyning for området og få etablert eit toalett bør stå som høvesvis fyrste og andre punkt på tiltakslista.

Formannskapet 10.10.2018:

Handsaming:

Framlegg frå ordførar. Nytt punkt vert teke inn andre kulepunkt : *"og oppstart av planarbeid inkludert kostnadsrekning for parkering ved minnetavla i Lodalen"*.

Endringsframlegg frå ordførar , samrøyses vedteke.

Andre kulepunkt blir etter dette:

Kommunen, i samhandling med grunneigarane, startar arbeidet med etablering av ein mindre parkeringsplass ved kulturlandskapet Breng *og oppstart av planarbeid inkludert kostnadsrekning for parkering ved minnetavla i Lodalen*. Utbygginga av parkeringsplassen skal skje ved ei samfinansiering mellom reiselivsnæringa, vegvesenet, kommunen og andre finansielle bidragsytarar.

FO- 139/18 Vedtak:

- Kommunen, i samhandling med grunneigarane, skal utarbeide ferdsselsregulering i medhald av friluftsløva, §15, i eit nærare avgrensa område på Breng. Statens vegvesen markerer ved sperreanordningar at det ikkje er tillate å parkere eller campe langs vegen.
- Kommunen, i samhandling med grunneigarane, startar arbeidet med etablering av ein mindre parkeringsplass ved kulturlandskapet Breng og oppstart av planarbeid inkludert kostnadsrekning for parkering ved minnetavla i Lodalen. Utbygginga av parkeringsplassen skal skje ved ei samfinansiering mellom reiselivsnæringa, vegvesenet, kommunen og andre finansielle bidragsytarar.
- Arbeid med Grønt punkt Tjugen startar opp i 2019. Rekkefølga i arbeidet bør veljast med hovudmål om å unngå opphopning av turistar på Breng som i 2018. Å finne ei planløyning for området og få etablert eit toalett bør stå som høvesvis fyrste og andre punkt på tiltakslista.